

Emnenr. 12.

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bremanger

Emne: Gamal engkultur.

Bygdelag:

Oppskr. av: Alv Övrebotten.

Gard:

(adresse): Kjelkenes.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Går for det meste fram av svara.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

1. Eng er eit ord som har vore lite brukt i Bremanger. På stadnamna innangjerdes å døme, er det eit nytt ord. Eg har ikkje funne eit einaste stadnamn som er samansett med eng. Det er teig, åkre, mark og ymse namn etter skapet og slik som det ligg til, og samansettingar med desse orda. Eng-engja er i grunnen sjölve graset. "Han går i engja." Han slær engja." Eg trur at mark-markja er det gamle ordet for grasböen. "Han skal på markja og arbeide!" "Han er på markjene." Böen er og av og til bruka i tydinga engmarka. Det heiter endå at ein har slege av maskinmarkja. Ei utslätte er ein stad som dei slær utangjerdes. Ei ekre er ikkje brukt her, men åkre er brukt i samansettingar i namn på slikt som har vore åker, (t.d Bruåkren, myråkren o.l.). Ei attelege er eit stykke som har vore åker og tilsett med grasfrö. Noko sers namn på dei ymse sortar mark og eng, kjenner eg ikkje til. Men dei tala om småhöy om höy som var slege med stutorv på udyrka og ugjödsla mark. Til dette vart og rekna utslätthöy. Noko skilje på utslätthöy var det ikkje. Det kan vel seiast at utslätter som vart slegne med langorv fannst ikkje.
2. Noko sers rydjing har eg ikkje fått kjennskap til. Utslättene låg helst på stader der det ikkje vaks skog..
3. Eg har ikkje funne nokon som har kjennskap til rådgjerder mot mosevaksen eng. Heller ikkje om bruk av grasfrö.
4. I våte myrar laga dei grunne opne veiter, slik at den meste våte rann vekk. Vatning har ikkje vore brukt i Bremanger.
5. Utslätter har aldri vore gjödsla med vintergjödssel. Det beste av innmarka vart gjödsla med vintergjödssel. Dette har vore gjort så lenge attende ein veit om. Kor stor part som vart nytta, var det ikkje nokon regel for. Grisegjödsla vart nytta på åkeren, elles kunne alle sortar verte nytta på böen. Det kunne skilje frå gard til gard. På gardar der fjöset stod noko nede på marka, og dei laut bere möka, bar dei

lette möka (saue-og geitemöka) opp i mot bakke. Den tunge hadde dei unna bakke. Slik vart saue-og geitemöka brukt på mark og åker oppe på böen, og kumöka likeins nede på marka.

Det skulle helst vere om lag likt med gjödsel frå år til år. Eg hugsar dei fortalde om ei enkje i Sörbotten at når ho leigde hest og köyrekar til å köyre ut gjödsel, gjek ho og sette kjeppar ned i der lassa skulle leggjast. Men i det store og heile var engstykkka så små at det er uråd å kunne gje opp noko tal t.d. for målet.

6. Slike nemningar har eg ikkje funne her.

7. På små bruk utan hest vart fjöshusa sette noko högt oppe på garden, helst ut frå det synet at det var lettare å bere höy i motbakke enn å få gjödsel unnabakke. Men på den andre sida syner det seg at nedanfor fjöset var der gjerne ei flate eller ein bakke slik at siget frå fjöset vart utnytta. Etter dei gamle tuna å döme, har det same vore tilfelle på gardar som var så store at dei truleg har hatt hest langt attende. Var garden bratt, stod saue-og geitefjöset helst like oppe ved övste garden. Der bar dei og inn noko höy om sumaren. På det eine bruket i Almenning i Gulen, står endå fjöset like oppe ved garden. Der har dei alle dyra i same huset.

Dei grov nokre grunne gröfter slik at siget kunne renne betre utover. Noko namn på dette har eg ikkje höyrt. Eg vil i denne samanheng nemne at teigane frå dei gamle fjösa i Övrebotten heiter Klinteigane. Dei hallar ganske lite unnabakke frå der fjösa stod.

Gardane i Bremanger er ofte bratte, slik at åkrane låg i ein bakke. Men eg har sett at nedanfor dei gamle åkre-reinene, var det gjerne eit stykke med grasmark.

8. Det vanlege var at enga vart gjödsle om våren. Men det kunne hende at dei hadde ut noko gjödsel om hausten. Gruunnen var helst at då var det lettare å få leige seg hest til köyringa. Dei som hadde hest sjölve, kunne og gjödsle eit stykke om hausten, men berre unnataksvis. Det var for at dyra ikkje skulle beite så mykje på stykket.

Det gamle er at dei köyrde gjödsle på slede, mökaslede. På sume gardar vert det endå nytta slede på slike stader der ein ikkje kan kome fram med vogn. Elles har brukten av slede gått av bruk litt etter kvart frå hundreårsskiftet. Mökasleden hadde ein karm som var festa i högd med övste enden av krokane på meigane. To naglar var laga slik at karmen ikkje kunne kome lenger ned, og to naglar laga slik at karmen ikkje kunne kome opp. (Sjå teikning). Borda i karmen var festa til kvarandre med vidjer. Kjeppen gjennom meigane framme, som drettet var festa til, var kalla veiende. Det vanlege var ein krök i drettet som vart sett ned på veienden på midten. Men eg har sett at veienden gjekk utom meigane. Då var det hol i skjækene slik at dei sette skjækene inn på veienden. Dei vart bundne saman med tau, så det er truleg at dette er nyare.

Dei hadde gjerne to sledar, slik at ein kunne köyre stött, og ein leste medan den andre var borte.

8. Dei naglane som var laga slik at dei heldt karmen opp var kalla fjetre (ei) fjetrene. Fjetrene var faste i to naturleg böygde trestykke som gav karmen skap. Dei var kalla flaute (ei) fl. flautene. I flautene låg karmen. Dei borda som låg rett over meigane og som alle naglane var feste til var kalla rimm (ei), rimma, to rimme -rimmane. Dei naglane som hadde hovud oppe var kalla nagle (ein). Endestykka i karmen var kalla gavl (ein) gavlane. Det var dei som før var fsta til karmen med vidjer. No er det streng.

Dei som ikkje har hest, har no fått seg handvogn, men der det er bratt, ber dei delvis mökja i kiper i motbakke. Dei brukte same røskapane til spreing på eng som på åker. Kumökja smuldra dei med greipa, men andre sortar vart smuldra med grev. Om dei gamle greipane kjem eg til å greie ut i emne 14.

9. Husdyra fekk beite all mark om hausten, sauene og geitene fekk delvis beite om våren og, mest sauene når dei hadde lamma med seg. Utslåtten vart passa om vårane slik at der ikkje vart for mykje beiting. Eg har ikkje høyrte om at dei tenkte på gjødsla, det var for foret si skuld. I gamal tid var der ikkje eng som ikkje vart beita.

10. Haustbeiting er i bruk alle stader. Men dei fleste har no gjerda inn den beste marka, slik at desse stykka ikkje vert beita av noko dyr. Dette gjeld dei største gardane. På dei små gardane vert oftast heile marka nytta til haustbeiting, og sauene får framleis beite der om vårane.

11. Dette er ikkje kjent i Bremanger.

12. Det vanlege var at krøtera "låg ute!" Sumarfjōsa i Bremanger er ikkje gamle, sume har ikkje fjōs no heller. På Dyrstad har dei oppe i lia ein stad som heiter Sætra. Der er eit innegjerda stykke og fjōs. Der hadde (og har) dei kyrne ei stund vår og haust. Desse fjōsa er truleg gamle. Dei er laga av runde stokkar og telgja bord. Om våren breidde dei gjødsla. ~~XXXXXXXXXXXX~~

13. Innhegningar utan fjōs har ikkje vore i bruk her, heller ikkje grindgang.

14- 18. Dette er ikkje kjent her.

19. I Övrebotten er der på to stader namnet stöylen. Det eine er to flater ved övste enden av eit vatn. På den eine flata ligg det nokre steinar som kan vere restar etter ein grunnmur til fjōs. Flatene vart delte ved utskiftinga i 1755, og kvar av oppsitjarane fekk sitt stykke. Den andre staden er no på innmarka på bortre sida av ei elv. Det kan tenkjast at det gamle merket har fylgt elva, og sidan har merket og garden vorte flytt. Huset på fjellet som mjölkarane ligg i om sumaren heiter selet, men staden vert kalla stöylen, sjölv om dei ikkje har fjōs der.

4

Same namnet brukar dei om selet vert bygt no og, slik at sjölv nye sel vert kalla stöylen.  
Noko av dei andre namna som er nemnde, trur eg ikkje er i bruk i Bremanger.

20. På stöylen er ikkje inngjerda slåttemark. Men stölsbruk i vanleg meining har ikkje vore i bruk i Bremanger. Dei går opp om kvelden og ned om morgonen, og all mjölka vert boren heim.


21. Her viser eg til det som er skrive i Emne nr.13.

Mai 1950.

4595

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

212 115



MAI 1950.  
AV ØVRE BOTTEM.

*Her freibollen.*

*Yngve og E.  
Bremanger.*

I samarbeid med  
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING  
PÅ VESTLANDET


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING  
ADR. NORSK FOLKEMUSEUM  
BYGDØY

Ver gild og skriv svaret med blyant på same ark.

Tilleggsspørsmål til nr. 5 Vannbæring.

I Tinn i Telemark har ein for eit par mannsaldrar sidan bore vatn på ei lang stong. Ein bar den eine enden over aksla, den andre enden drog ein etter seg på marka. Taret hekk på stonga bak ryggen at den som bar (drog). Ein liten mothake på stonga gjorde at handtaket på bøtta ikkje gleid. Stonga var såpass mjuk at vatnet ikkje skvampla over. Utanom denne opplysninga kjenner ein no denne metoden berre frå Värmland i Sverige. Det kan henda at det tidlegare har vore meir vanleg å bera vatn på denne måten. Hugsar nokon i Dykkar bygd noko om det ?

*Dette er ikkje kjent  
i Bremanger*



Tilleggsspørsmål til nr. 12.

Finst det noko opplysning om at ein brukar eller har bruka fiskebein og fiskehovud til brensel ?

*Nei.*

Har ein bruka kumøkk til brensel ?

*Nei.*